
Saksnr: 2020/71396-16
Saksbehandlar: Matti Torgersen
Dato: 29.03.2021

Til: Hovudutval for samferdsel og mobilitet

Frå: Fylkesdirektør infrastruktur og veg

Vidareføring av Askøypakken - Vidare prosess

Det har tidlegare vore gitt orientering til SAMO om arbeidet med å forlengje Askøypakken med 5 år 12. januar i RS-sak 27/2021 og 17. februar i RS-sak 8/2021.

Nye føringar om at det ikkje lenger er mogleg å forlenge porteføljestyrt bompengepakkar i byområde grunna kostnadsauke og/eller inntektssvikt vart innført gjennom oppfølginga av bompengeaftalen frå 2019. Grunna at lokale vedtak om forlenging vart gjort før dei nye føringane vart innført, opnar Samferdselsdepartementet likevel for at det kan søkjast om forlenging av Askøypakken under føresetnad om at det er eit lokalt ønskje om å leggje fram ein bompengeproposisjon.

Vedlagt følgjer brev frå Samferdselsdepartementet datert 26. mars om vidareføring av Askøypakken. Bakgrunnen for brevet er at det har vore ein dialog om formalitetar om søknadsprosessen.

Det går fram av brevet at Vestland fylkeskommune må ta eit ansvar for å utarbeide eit utkast til bompengeproposisjon. Denne må sendast til Statens vegvesen for kvalitetssikring før saka kan handsamast av Stortinget. Vidare går det fram at det må dokumenterast i den reviderte pakken at den faktisk kan finansiere alle prosjekta som ligg i pakken, og prosjekta bør gå fram i prioritert rekkjefølgje.

Fylkesdirektøren legg opp til slik framdriftsplan:

- Det blir utarbeida eit fagleg grunnlag i dialog med Askøy kommune. Denne skal innehalde nye kostnadsanslag for prosjekta, inntektsanslag og prinsipp for porteføljestyring.
- Med basis i det faglege grunnlaget vert det politisk handsaming i kommunen og i fylkeskommunen i september. Det må gjerast likelydande vedtak begge plassar. Fylkestinget må i tillegg gjere vedtak om fylkeskommunal garanti.
- Utkast til bompengeproposisjon blir ferdigstilt, og sendt til Vegdirektoratet for kvalitetssikring. Vegdirektoratet har uttalt at dei treng 1 måned for å sakshandsame saka.
- Etter kvalitetssikring vert utkast til bompengeproposisjon korrigert basert på Vegdirektoratet sine vurderingar.
- Fylkeskommunen sender inn utkast til bompengeproposisjon til Samferdselsdepartementet, som legg saka fram for Stortinget.

For at Stortinget skal handsame sak i vårsesjonen 2022, må departementet ferdigstille utkast til proposisjon før påske. Dette inneberer at Vestland fylkeskommune må oversende utkast til bompengeproposisjon før årsskiftet 2021.

Dette er ein stram framdriftsplan. Om nokre delar i framdriftsplanen tek lenger tid enn forventa, vil det truleg ikkje vere mogleg å rekkje vedtak i Stortinget i løpet av vårsesjonen 2022. Etter det fylkesdirektøren erfarer, vil Stortinget som hovudregel handsame bompengeproposisjonar for fylkesveggar i løpet av vårsesjonar.

Utgangspunktet for denne framdriftsplanen er at pakken vidarefører dagens bompengeplassering og taksnivå. Om dette blir endra, må det gjerast nye trafikkutrekningar. I så fall vil prosessen kunne forventast å ta lenger tid. Det er også vere usikkert om det vert krav om ekstern kvalitetssikring